



RadøyGruppen AS
Vetåsvegen 181
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1039 - 15/11202

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
22.09.2015

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde - Kjebogen - fastsetting av planprogram - gebyr

Radøy kommune ved eininga Teknisk forvaltning har handsama planprogram for Kjebogen.

Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning (gebyrregulativet) vedteke av kommunestyret, gjeldande frå 01.01.15, vert det **vedtatt gebyr i saka som følgjer**:

| Kode | Arbeid | Sats | Antall | Sum |
|-------|----------------------------|-------------------|--------|---------------|
| 7.1.8 | Godkjenning av planprogram | Etter medgått tid | | |
| 5.1.1 | Kontorarbeid | 770 | 24 | 18 480 |
| 5.1.2 | Feltarbeid | 1 000 | 1 | 1 000 |
| | SUM | | | 19 480 |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage:

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Fastsetting av gebyr etter medtått tid er eit einskildvetak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jfr fvl. §§ 28 – 36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer.

Klagen skal grunngjevast. Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedteket utan at moglegheita til å klage over vedteket er nytta, jfr. Fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

RadøyGruppen AS

Vetåsvegen 181 5938

SÆBØVÅGEN